

07.01.2016

Til FAU ved
Knarvik Barneskule
Alversund skule
Seim skule

Høyring omkring klassesamansetjing på ungdomstrinnet

Dei siste åra har elevane fått ønskje kven dei skal gå i klasse med. Målet med dette var at elevane skulle ha ein person som dei var trygge på i overgangen frå barneskulen. FAU ved ungdomsskulen har teke opp dette og ønskjer å endre denne praksisen. Det er fleire grunnar til dette og her er nokre av dei:

- Det skapar ein rangordning der elevane vert medviten kven som er mest populær.
- Dei som ikkje vert vald ut synest dette er ubehageleg og det skaper utryggleik for desse.
- Dei sosiale relasjonane skiftar fort i denne alderen og kan endre seg frå ønsket vert gjort til dei tek til på skulen.
- Om ein ikkje vel starter alle med like sosiale mogelegheiter.
- Ein må stole på vurderingar som lærarar på barneskulen gjer, slik at ein set saman optimale læringsgrupper.

Det finnes sikkert ulik grad av kor sterke desse argumenta er, men det er viktig at ein får til gode prosessar rundt dette. Det har tidlegare kome ønskje om dette frå Alversund skule. Vi ønskjer å ivareta elevane på ein god måte og gjere dei trygge på ungdomsskulen. Difor er det viktig at vi får ei avklaring om dette og endrar praksisen dersom det er stemning for det. Har FAU synspunkt på dette må det sendast melding om det til Knarvik ungdomsskule v rektor **innan 10.2.2016**.

Olaf M Hella
Rektor

